



# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Breheimen Nasjonalparkstyre  
Luster kommune

24.02.2025

Dykkar ref:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
3-25


## **3-25 Høyringsuttale Illvatn kraftstasjon – Søknad om løyve for start og landing med helikopter utanfor landingsplassar med konsesjon**

Hydro Energi AS søker om landing og start med helikopter i samband med observasjon og varsling av skredrisiko knytt til anleggsvegen mellom Øyane og Fivlemyr, jf søknad. Det gjeld konkret fylgjande seks område:

Tverrdalsnosi, Tverrdalen, Øvstaflui, Fossabakkane, Gravdalsnosi og Sveidalsnosi.

### Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen har nokre kommentarar til høyringa:

Landingsområda ligg i nærleiken av trekkområde for villrein (utvekslingsområde mellom Breheimen og Vest-Jotunheimen, jf kartutsnitt frå naturbase):



Figur 1: Skravert område syner trekkområde for villrein.


Trekk sørvestover på våren er kanskje den mest sårbare perioden for villrein i dette området. Frå slutten av mars startar bukkane trekket frå vinterbeitområda og mot sommarbeitområde i sørvest (trekk frå Skjåk og inn i Luster). Det er derfor viktig å ta omsyn til villrein i denne perioden.

Innføre varslingsrutinar om villrein i tiltaksområdet. Gjerne til Luster Austre Fjellstyre v/Inger Moe i dette tilfellet.

Avbøtande tiltak; utsette landing til villrein har trekt vekk om det blir oppdaga villrein i nærleiken av landingsområde (i synsavstand / 1 km).

Helsing

Johan Berge  
Leiar

  
Tor Taraldsrud  
Sekretær